

VEDTEKTER

FOR

INDRE SOGN SPAREBANK

30.03.2017

KAP. 1

Føretaksnamn - forretningskontor - føremål

§ 1-1. Føretaksnamn og forretningskontor

Indre Sogn Sparebank vart oppretta i 1971 ved samanslåing av Borgund Sparebank, Lærdal Sparebank og Årdal Sparebank, der den eldste er stifta i 1860. Seinare har Indre Sogn Sparebank oppretta avdelingar i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Indre Sogn Sparebank har forretningskontoret sitt i Årdal kommune.

§ 1-2. Føremål

Sparebanken har til formål å utføra forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføra i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lovgiving, og til ei kvar tid gjevne konsesjonar.

VEDTEKTER

FOR

SOGN SPAREBANK

KAP. 1

Føretaksnamn - forretningskontor - føremål

§ 1-1. Føretaksnamn og forretningskontor

Sogn Sparebank er eit resultat av ei samanslåing av Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank, vedteke av bankane sine generalforsamlingar 18. desember 2018.

Lærdal Sparebank, skipa i 1860, Årdal Sparebank, skipa i 1906, og Borgund Sparebank skipa i 1915, vart samde om å fusjonera i 1971. Som ei følge av dette, vart Indre Sogn Sparebank etablert i 1972.

Aurland Sparebank vart skipa 18. mai 1883.

Vik Sparebank vart skipa 06. juni 1846.

Sogn Sparebank har forretningskontoret sitt i Årdal kommune.

Sparebanken har til føremål å utføra forretningar og tenester.

§ 1-2. Føremål

Sparebanken har til føremål å utføra forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføra i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lovgiving, og til ei kvar tid gjevne konsesjonar.

KAP. 2 Sparebanken sin egenkapital

§ 2-1 Grunnfondet

- (1) Borgund Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 2.500,00, som var ytt av innbyggjarar i Borgund kommune, er betalt attende.
- (2) Lærdal Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 4.109,77 som var ytt av Lærdal Bygdemagasin, skal ikkje betalast attende.
- (3) Årdal Sparebank sitt opphavlege grunnfond NOK 2.920,00, som var ytt av 41 innskytarar med garanti av Årdal kommune, er betalt attende.

Ingen har krav på utbyte frå verksemda til banken utover eventuell forrenting av banken sin eigarandelskapital.

§. 2-2 Eigarandelskapital

Sparebanken har høve til å ferda ut omsettelege eigenkapitalbevis. Eigenkapitalbevisa skal vera registrert i Verdipapirsentralen.

- (1) Indre Sogn Sparebank sin eigarandelskapital utgjer NOK 31.625.000,- fordelt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,- fullt innbetalt.

KAP. 2 Sparebanken sin egenkapital

§ 2-1 Grunnfondet

- (1) Borgund Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 2.500,00, som var ytt av innbyggjarar i Borgund kommune, er betalt attende.
- (2) Lærdal Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 4.109,77 som var ytt av Lærdal Bygdemagasin, skal ikkje betalast attende.
- (3) Årdal Sparebank sitt opphavlege grunnfond NOK 2.920,00, som var ytt av 41 innskytarar med garanti av Årdal kommune, er betalt attende.
- (4) Aurland Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 1.468,38 som var ytt av Aurland kommune, skal ikkje betalast attende.
- (5) Vik Sparebank sitt opphavlege grunnfond NOK 614,80, er betalt attende.

Ingen har krav på utbyte frå verksemda til banken utover eventuell forrenting av banken sin eigarandelskapital.

§ 2-2 Eigarandelskapital

Sparebanken har høve til å ferda ut omsettelege eigenkapitalbevis. Eigenkapitalbevisa skal vera registrert i Verdipapirsentralen.

- (1) Sogn Sparebank sin eigarandelskapital utgjer NOK 31.625.000,- fordelt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,- fullt innbetalt.

§ 2-3 Informasjon til eigenkapitalbeveigarane

- (1) Når dokument som gjeld saker som eigenkapitalbeveigarane har krav på vert gjort tilgjengeleg på Indre Sogn Sparebank si heimeside, gjeld ikkje lova sitt krav om at dokument skal sendast eigenkapitalbeveigarane.
- (2) Ein eigenkapitalbeveigar kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som eigenkapitalbeveigaren har krav på.

§ 2-3 Informasjon til eigenkapitalbeveigarane

- (1) Når dokument som gjeld saker som eigenkapitalbeveigarane har krav på vert gjort tilgjengeleg på Sogn Sparebank si heimeside, gjeld ikkje lova sitt krav om at dokument skal sendast eigenkapitalbeveigarane.
- (2) Ein eigenkapitalbeveigar kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som eigenkapitalbeveigaren har krav på.

KAP 3. Generalforsamling

§ 3-1 Generalforsamling

Sparebanken skal ha ei generalforsamling som skal sjå til at banken verkar etter føremålet sitt i samsvar med lov, føreskrifter, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak. Generalforsamlinga er den øvste avgjerdsmakta i sparebanken.

Generalforsamlinga skal ha 12 medlemer med 8 varamedlemer. Generalforsamlinga sine medlemer og varamedlemer møter personleg. Det er ikkje høve til å møta ved fullmektig eller med rådgjevar.

KAP 3. Generalforsamling

§ 3-1 Generalforsamling

Sparebanken skal ha ei generalforsamling som skal sjå til at banken verkar etter føremålet sitt i samsvar med lov, føreskrifter, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak. Generalforsamlinga er den øvste avgjerdsmakta i sparebanken.

Generalforsamlinga skal ha 34 medlemer med 18 varamedlemer. Generalforsamlinga sine medlemer og varamedlemer møter personleg. Det er ikkje høve til å møta ved fullmektig eller med rådgjevar.

§ 3-2 Generalforsamlinga si samansetning

Generalforsamlinga til sparebanken skal vera samansett av:

- 3 medlemer og 2 varamedlemer som skal veljast av og blant sparebanken sine kundar i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-4.

- 3 medlemer og 2 varamedlemer som skal veljast av kommunestyra i Årdal kommune og Lærdal kommune

i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-5.

- 3 medlemer og 2 varamedlemer som skal veljast av og blant dei tilsette i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-6.

- 3 medlemer og 2 varamedlemer som skal veljast av og blant eigarane av eigenkapitalbevis i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-7.

§ 3-2 Generalforsamlinga si samansetning

Generalforsamlinga til sparebanken skal vera samansett av:

- Kundevalde:
 - 12 medlemer og 6 varamedlemer som skal veljast av og blant sparebanken sine kundar i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-4.

- Kommunevalde:
 - 2 medlemer og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Årdal.
 - 1 medlem og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Lærdal.
 - 3 medlemer og 2 varamedlemer som skal veljast av kommunestyret i Aurland.
 - 3 medlemer og 2 varamedlemer som skal veljast av kommunestyret i Vik.

Alle val i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-5.

- Tilsettevalde:
 - 6 medlemer og 3 varamedlemer som skal veljast av og blant dei tilsette i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-6.

- Eigenkapitalbeviseigarvalde:
 - 7 medlemer og 3 varamedlemer som skal veljast av og blant eigarane av eigenkapitalbevis i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-7.

§ 3-3 Val til generalforsamlinga

Myndige personar kan veljast som medlemer av generalforsamlinga.

Medlemer og varamedlemer til generalforsamlinga skal veljast for 4 år. Minst tre firedelar av medlemmane skal vera personar som ikkje er tilsett i banken.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks om vala.

§ 3-3 Val til generalforsamlinga

Myndige personar kan veljast som medlemer av generalforsamlinga.

Medlemer og varamedlemer til generalforsamlinga skal veljast for 4 år. Minst tre firedelar av medlemmane skal vera personar som ikkje er tilsett i banken.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks om vala.

§ 3-4 Medlemer til generalforsamlinga valde av kundar

- (1) Sparebanken sine myndige kundar som har, og i dei siste seks månadane har hatt eit engasjement på minimum 5.000 kroner har stemmerett ved val av kundane sine medlemer og varamedlemer til generalforsamlinga i sparebanken.
- (2) Sparebanken sine kundar kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for kundane.
- (3) Kvart kundeforhold gjev ei røyst når ikkje anna følgjer av lova eller vedtektene. Ingen kunde har meir enn 2 stemmer, ei på grunnlag av eige kundeforhold, og ei som representant for annan kunde

§ 3-4 Medlemer til generalforsamlinga valde av kundar

- (1) Sparebanken sine myndige kundar som har, og i dei siste seks månadane har hatt eit engasjement på minimum 5.000 kroner har stemmerett ved val av kundane sine medlemer og varamedlemer til generalforsamlinga i sparebanken.
- (2) Sparebanken sine kundar kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for kundane.
- (3) Kvart kundeforhold gjev ei røyst når ikkje anna følgjer av lova eller vedtektene. Ingen kunde har meir enn 2 stemmer, ei på grunnlag av eige kundeforhold, og ei som representant for annan kunde.

- (4) Kvart første, andre og tredje år skal 1 medlem veljast av og blant sparebanken sine kundar. Kvart andre og tredje år skal 1 varamedlem veljast av og blant sparebanken sine kundar.

- (5) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar. Val skal gjerast i følgjande valdistrikt:

Kommune	Tal medlemmer	Tal varamedlemmer
Årdal kommune	2	1
Lærdal kommune	1	1

§ 3-5 Medlemmer til generalforsamlinga valde frå det offentlege

Kommunestyra i Årdal kommune og Lærdal kommune kan samla velja 3 medlemmer og 2 varamedlemmer til generalforsamlinga.

- (1) Kvart fjerde år skal 2 medlemmer veljast av kommunestyret i Årdal.
- (2) Kvart fjerde år skal 1 medlem veljast av kommunestyret i Lærdal.
- (3) Kvart fjerde år skal 1 varamedlem veljast av kommunestyret i Årdal
- (4) Kvart fjerde år skal 1 varamedlem veljast av kommunestyret i Lærdal.
- (5) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

- (4) 12 medlemmer og 6 varamedlemmer som skal veljast av og blant sparebanken sine kundar, skal veljast som følgjer:

KUNDEVALDE	Valperiode			
	1	2	3	4
MEDELEMER				
Aurland kommune	1 representant	1 representant	1 representant	1 representant
Årdal kommune	1 representant	1 representant	1 representant	1 representant
Lærdal kommune				1 representant
Vik kommune	1 representant	1 representant	1 representant	1 representant
VARAMEDELEMER				
Aurland kommune	1 representant		1 representant	
Årdal kommune				1 representant
Lærdal kommune			1 representant	
Vik kommune	1 representant			1 representant

- (5) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

§ 3-5 Medlemmer til generalforsamlinga valde frå det offentlege

- (1) Kommunestyra i Årdal, Lærdal, Aurland og Vik skal til saman velja 9 medlemmer og 6 varamedlemmer som følgjer:

KOMMUNEVALDE	Valperiode			
	1	2	3	4
MEDELEMER				
Aurland kommune		3 representantar		
Årdal kommune		2 representantar		
Lærdal kommune		1 representant		
Vik kommune		3 representantar		
VARAMEDELEMER				
Aurland kommune		2 representantar		
Årdal kommune		1 representant		
Lærdal kommune		1 representant		
Vik kommune		2 representantar		

- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

§ 3-6 Medlemer til generalforsamlinga valde av dei tilsette

Dei tilsette i sparebanken har stemmerett ved val av dei tilsette sine medlemer til sparebanken si generalforsamling.

Dei tilsette i sparebanken kan veljast som medlem og varamedlem til general-forsamlinga i sparebanken som representant for dei tilsette.

- (1) Kvart første, andre og tredje år skal 1 medlem veljast av og blant dei tilsette i sparebanken. Kvart første og tredje år skal 1 varamedlem veljast av og blant dei tilsette i sparebanken.

- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

§ 3-6 Medlemer til generalforsamlinga valde av dei tilsette

Dei tilsette i sparebanken har stemmerett ved val av dei tilsette sine medlemer til sparebanken si generalforsamling.

Dei tilsette i sparebanken kan veljast som medlem og varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for dei tilsette.

- (1) Dei tilsette skal velja 6 medlemer og 3 varamedlemer av og blant tilsette som følgjer:

TILSETTEVALDE	Valperiode			
	1	2	3	4
MEDELEMER				
Tilsette	2 representantar		2 representantar	2 representantar
VARAMEDELEMER				
Tilsette	1 representant		1 representant	1 representant

- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

§ 3-7 Eigenkapitalbevisegarane sin representasjon i generalforsamlinga

Eigarar av eigenkapitalbevis i sparebanken har stemmerett og kan veljast som medlem og varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for eigenkapitalbevisegarane.

- (1) Kvart første, andre og tredje år skal 1 medlem veljast av og blant eigenkapitalbevisegarane i sparebanken. Kvart første og andre år skal 1 vara-medlem veljast av og blant eigenkapitalbevisegarane i sparebanken.

- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

Ingen kan på møte for eigenkapitalbevis-eigarane avgi stemmer for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Indre Sogn Sparebank sine totale utsteda eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalsbevisegarar som vil delta i valet etter § 3 - 7 skal melda seg i banken innan ein viss frist som skal stå i innkallinga. Fristen skal ikkje gå ut tidlegare enn tre bankdagar før valet skal haldast. Har ein eigenkapitalbevisegar ikkje meldt seg i rett tid, kan han nektast høve til å vera med i valet.

§ 3-7 Eigenkapitalbevisegarane sin representasjon i generalforsamlinga

Eigarar av eigenkapitalbevis i sparebanken har stemmerett og kan veljast som medlem og varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for eigenkapitalbevisegarane.

- (1) Eigenkapitalbevisegarane skal velja 7 medlemmer og 3 varamedlemmer som skal veljast av og blant eigarane av eigenkapitalbevis, som følgjer:

EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE	Valperiode			
	1	2	3	4
MEDLEMER				
Eigenkapitalbevisegar	2 representantar	1 representant	2 representantar	2 representantar
VARAMEDLEMER				
Eigenkapitalbevisegar	1 representant		1 representant	1 representant

- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

Ingen kan på møte for eigenkapitalbevis-eigarane avgi stemmer for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Sogn Sparebank sine totale utsteda eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalsbevisegarar som vil delta i valet etter § 3–7 skal melda seg i banken innan ein viss frist som skal stå i innkallinga. Fristen skal ikkje gå ut tidlegare enn tre bankdagar før valet skal haldast. Har ein eigenkapitalbevisegar ikkje meldt seg i rett tid, kan han nektast høve til å vera med i valet.

§ 3-8 Innkalling til generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år. Generalforsamlinga vert kalla inn av styret.

Innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemmane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg for medlemmane på sparebanken sine internettsider, gjeld ikkje lova sine krav om at dokumenta skal sendast til medlemmane av generalforsamlinga. Dette gjeld òg dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Eit medlem av generalforsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

§ 3-9 Møte og vedtak i generalforsamlinga

Kvart medlem av generalforsamlinga har ei stemme.

Avgjerder i generalforsamlinga vert fatta ved fleirtal av dei stemmer som er gitt med mindre noko anna går fram av desse vedtektene. Står stemmetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til.

§ 3-10 Generalforsamlinga sine oppgåver

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast:

- Val av leiar og nestleiar for generalforsamlinga for 2 år om gongen. Leiar skal veljast første år og nestleiar skal veljast andre år.
- Andre val etter lovene.
- Godkjenning av årsrekneskapet og årsmeldinga med disponering av overskot/underskot/-utdeling av utbytte.

§ 3-8 Innkalling til generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år. Generalforsamlinga vert kalla inn av styret.

Innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemmane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg for medlemmane på sparebanken sine internettsider, gjeld ikkje lova sine krav om at dokumenta skal sendast til medlemmane av generalforsamlinga. Dette gjeld òg dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Eit medlem av generalforsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

§ 3-9 Møte og vedtak i generalforsamlinga

Kvart medlem av generalforsamlinga har ei stemme.

Avgjerder i generalforsamlinga vert fatta ved fleirtal av dei stemmer som er gitt med mindre noko anna går fram av desse vedtektene. Står stemmetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til.

§ 3-10 Generalforsamlinga sine oppgåver

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast:

- Val av leiar og nestleiar for generalforsamlinga for 2 år om gongen. Leiar skal veljast andre periode og nestleiar skal veljast første periode.
- Andre val etter lovene.
- Godkjenning av årsrekneskapet og årsmeldinga med disponering av overskot/underskot/-utdeling av utbytte.

- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

Vedtak om eller fullmakt til å oppta ansvarleg lån eller annan framandkapital vert fatta av generalforsamlinga med fleirtal som for vedtektsendring.

- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

Vedtak om eller fullmakt til å oppta ansvarleg lån eller annan framandkapital vert fatta av generalforsamlinga med fleirtal som for vedtektsendring.

KAP 4. Styret, revisjons- og risikoutval og dagleg leiing

§ 4-1 Styret

§ 4-1.1 Styret si samansetning

Styret er sett saman av 5 medlemmer med 3 varamedlemer som skal veljast for 2 år av generalforsamlinga.

- Første året skal 2 medlemmar veljast.
- Andre året skal 2 medlemmar veljast.
- 2 varamedlemer skal veljast, det eine varamedlemet vert valt første år, det andre varamedlemet skal veljast andre året.
- 1 medlem (veljast første år) og 1 personleg varamedlem (veljast andre året), vert valde av og blant dei tilsette i banken.

- Styreleiar og nestleiar skal veljast særskilt for 2 år. Leiar skal veljast andre år og nestleiar skal veljast første år.

KAP 4. Styret, revisjons- og risikoutval og dagleg leiing

§ 4-1 Styret

§ 4-1.1 Styret si samansetning

Styret er sett saman av 7 til 9 medlemmer med 5 varamedlemer som skal veljast for 2 år av generalforsamlinga, likevel slik at eit tal medlemmer og varamedlemer valde av og blant dei tilsette er i samsvar med finansføretakslova. Eitt vara-medlem vald av dei tilsette har møte-rett og talerett, men ikkje stemmerett, på styremøta. Eigenkapitalbevisegarane har 1 representant i styret og 1 varamedlem.

Representantar til styret skal veljast som følgjer:

	Valperiode	
	1	2
STYRET		
MEDELEMER		
Styremedlemer føreslått av Årdal/Lærdal	1 representant	1 representant
Styremedlemer føreslått av Aurland	1 representant	1 representant
Styremedlemer føreslått av Vik	1 representant	1 representant
Styremedlem eigenkapitalbevisegar		1 representant
Styremedlem tilsette	1 representant	1 representant
VARAMEDELEMER		
Varamedlem føreslått av Årdal/Lærdal		1 representant
Varamedlem føreslått av Aurland	1 representant	
Varamedlem føreslått av Vik		1 representant
Varamedlem eigenkapitalbevisegar	1 representant	
Varamedlem tilsette		1 representant

- Styreleiar og nestleiar skal veljast særskilt for 2 år. Leiar skal veljast første periode og nestleiar skal veljast ande periode.
- Det er personlege varamedlemer.

Dersom eit fleirtal i generalforsamlinga ikkje ønskjer ein eller fleire av dei representantar føreslått av dei lokale valnemnder, skal saken sendast tilbake til valnemnda for ny saksførebuing og ny innstilling.

§ 4-1.2 Styret sine oppgåver

Styret sine oppgåver føl av lov og føreskrifter.

§ 4-1.2 Styret sine oppgåver

Styret sine oppgåver følgjer av lov og føreskrifter.

§ 4-2 Revisjons- og risikoutval

Det samla styret fungerer som sparebanken sitt revisjons- og risikoutval.

§ 4-2 Revisjons- og risikoutval

§ 4-2.1 Revisjons- og risikoutvalet si samansetning

Banken skal ha eit revisjons- og risikoutval som skal veljast av og blant medlemne i styret.

Revisjons- og risikoutvalet skal samla ha den kompetansen som ut i frå banken sin organisasjon og verksemd er nødvendig for å ivareta oppgåvene sine. Minst eitt av medlemne i revisjons- og risikoutvalet skal vera uavhengig av verksemda og ha kvalifikasjonar innan rekneskap eller revisjon. Styremedlemar som er leiande tilsette, kan ikkje veljast til medlemmer av revisjons- og risikoutvalet.

§ 4-2.2 Revisjons- og risikoutvalet sine oppgåver

Revisjons- og risikoutvalet skal:

- førebu styret si oppfølging av rekneskapsrapporteringsprosessen,
- overvaka systema for intern kontroll og risikostyring, og banken sin internrevisjon om slik funksjon er etablert,
- ha løpande kontakt med banken sin valde revisor om slik funksjon er etablert,
- vurdere og overvaka revisor sin uavhengigheit, jf. revisorlova kapittel 4, herunder særleg i kva grad andre tenester enn revisjon som er utlevert av revisor eller revisjonsselskapet utgjer ein trussel mot uavhengigheita.

§ 4-3 Dagleg leiar: adm. banksjef

Sparebanken skal ha dagleg leiar. Dagleg leiar har tittel adm. banksjef og vert tilsett av styret.

§ 4-3.1 Dagleg leiar: adm. banksjef sine oppgåver

Oppgåvene til adm. banksjef følg av lov og føreskrifter.

§ 4-3 Dagleg leiar: adm. banksjef

Sparebanken skal ha dagleg leiar. Dagleg leiar har tittel adm. banksjef og vert tilsett av styret.

§ 4-3.1 Dagleg leiar: adm. banksjef sine oppgåver

Oppgåvene til adm. banksjef følg av lov og føreskrifter.

KAP. 5 VALNEMND

§ 5-1 Valnemnd for generalforsamlinga sitt val

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 4 medlemmer og 2 varamedlemmer for 2 år. Valnemnda skal ha representantar frå alle grupper som er representert i generalforsamlinga:

- 1 medlem frå kundevalde, veljast andre året.
- 1 medlem frå offentleg valde, veljast andre året.
- 1 medlem frå tilsettevalde, veljast første året.
- 1 medlem frå eigenkapitalbevisigarvalde, veljast første året.
- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemmane i valnemnda, andre året.
- 1 varamedlem skal veljast første året.
- 1 varamedlem skal veljast andre året.

KAP. 5 VALNEMND

§ 5-1 Valnemnd for generalforsamlinga sitt val

§ 5-1.1 Valnemnda si samansetjing

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 5 medlemmer og 1 varamedlem for 2 år.

Valnemnda skal ha representantar frå alle grupper som er representert i generalforsamlinga, og skal veljast som følgjer:

VALNEMND	Valperiode	
	1	2
MEDELMER		
Kommunevald/kundevalde	1 representant	2 representant
Eigenkapitalbevisigarvald	1 representant	
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDELMER		
1. Varamedlem til valnemnd	1 representant	

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemmane i valnemnda, første perioden.
- Kommune-/ kundevalde 1 person frå kvart område Aurland, Lærdal/Årdal og Vik.

§ 5-2 Valnemnda sitt arbeid

Valnemnda skal førebu alle val til generalforsamlinga, styret og valnemnd.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks for valnemnda.

§ 5-1.2 Valnemnda sitt arbeid

Valnemnda skal førebu alle val til eigenkapitaleigarane sitt valmøte, styret og valnemnd § 5-1 og lokale valnemnder § 5-2. Valnemnda skal samordna alle val til generalforsamlinga, styret og valnemnder.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks for valnemnda.

§ 5-2 Lokale valnemnder for generalforsamlinga sitt val

§ 5-2.1 Lokale valnemnder sine samansetjingar

Generalforsamlinga vel tre lokale valnemnder for områda Aurland, Årdal/Lærdal og Vik. Valnemnda skal ha representantar frå kommunevalde, kundevalde og tilsettevalde grupper som er representert i generalforsamlinga, og skal veljast som følgjer:

LOKAL VALNEMND AURLAND	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald	1 representant	
Kundevald		1 representant
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMER		
1. Varamedlem til valnemnd		1 representant
2. Varamedlem til valnemnd	1 representant	

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemane i valnemnda.
- Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til valnemnda i § 5-1.

LOKAL VALNEMND ÅRDAL/LÆRDAL	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald		1 representant
Kundevald		1 representant
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMER		
1. Varamedlem til valnemnd	1 representant	
2. Varamedlem til valnemnd		1 representant

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemane i valnemnda.
- Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til valnemnda i § 5-1.

LOKAL VALNEMND VIK	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald		1 representant
Kundevald	1 representant	
Tilsettevald		1 representant
VARAMEDLEMER		
1. Varamedlem til valnemnd	1 representant	
2. Varamedlem til valnemnd		1 representant

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemane i valnemnda.
- Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til valnemnda i § 5-1.

§ 5-2.2 Dei lokale valnemndene sitt arbeid

Dei lokale valnemndene skal koma med forslag til kundevalde representantar til generalforsamlinga og førebu val av desse. Dei lokale valnemndene skal òg hjelpa til med førebuing av offentlege valde representantar i sine kommunar. Dei lokale valnemndene skal koma med forslag til medlemmer av styret.

Dei lokale valnemndene sitt arbeid vert sendt valnemnda i § 5-1 for samordning av val til generalforsamlinga.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks for dei lokale valnemndene.

KAP. 6 Bruk av overskot og inndekning av underskot

§ 6-1 Bruk av overskot

Overskotet frå verksemda til banken etter frådrag av utbyte og utdeling av gåver, skal leggjast til banken sitt fond.

Årsoverskot og utbytemidlar skal fordelast mellom grunnfondet til banken og eigarandelskapitalen. Utbytemidlar kan nyttast til utbyte på eigarandelskapitalen, til gåver til almennyttige føremål, eller overførast til gåvefond, eller overførast til stifting med almennyttig føremål.

§ 6-2 Inndekning av underskot

Underskot etter resultatrekneskapet for siste rekneskapsår skal først søkast dekkja ved forholdsmessig overføring frå grunnfondskapitalen, under dette gåvefondet, og den eigarandelskapitalen som overstig vedtektsfesta eigarandelskapital, under dette utjamningsfondet. Underskot som ikkje vert dekkja slik, vert dekkja ved forholdsmessig overføring frå overkursfondet og kompensasjonsfondet. Ytterlegare underskot vert dekkja ved nedsetjing av vedtektsfesta eigarandelskapital og eventuelt ved nedsetjing av annan kapital.

KAP. 6 Bruk av overskot og inndekning av underskot

§ 6-1 Bruk av overskot

Overskotet frå verksemda til banken etter frådrag av utbyte og utdeling av gåver, skal leggjast til banken sitt fond.

Årsoverskot og utbytemidlar skal fordelast mellom grunnfondet til banken og eigarandelskapitalen. Utbytemidlar kan nyttast til utbyte på eigarandelskapitalen, til gåver til almennyttige føremål, eller overførast til gåvefond, eller overførast til stifting med almennyttig føremål.

Gåver skal fordelast med 34,16 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,49 % innanfor Vik kommune og 39,35 % innanfor Aurland kommune. Ved eventuell framtidig kommunesamanslåing skal noverande kommunegrense leggjast til grunn for gåvetildeling. Dette skal ikkje vera til hinder for tildeling av inntil 30 % av at dei utdelte gåver til allmennyttige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd eller ynskjer å marknadsføre seg.

§ 6-2 Inndekning av underskot

Underskot etter resultatrekneskapet for siste rekneskapsår skal først søkast dekkja ved forholdsmessig overføring frå grunnfondskapitalen, under dette gåvefondet, og den eigarandelskapitalen som overstig vedtektsfesta eigarandelskapital, under dette utjamningsfondet. Underskot som ikkje vert dekkja slik, vert dekkja ved forholdsmessig overføring frå overkursfondet og kompensasjonsfondet. Ytterlegare underskot vert dekkja ved nedsetjing av vedtektsfesta eigarandelskapital og eventuelt ved nedsetjing av annan kapital.

KAP 7. Aldersgrense

§ 7-1 Høgaste aldersgrense for tenestemenn

Høgaste aldersgrense for administrerande banksjef og andre fast tilsette er 70 år.

KAP 7. Aldersgrense

§ 7-1 Høgaste aldersgrense for tenestemenn

Høgaste aldersgrense for administrerande banksjef og andre fast tilsette er 70 år.

KAP 8. Vedtektsendringar

§ 8-1 Vedtektsendringar

Endring av desse vedtektene kan fattast av generalforsamlinga. Avgjerd om vedtektsendring krev tilslutning frå minst to tredelar av dei avgitte stemmene.

KAP 8. Vedtektsendringar

§ 8-1 Vedtektsendringar

Endring av desse vedtektene kan fattast av generalforsamlinga. Avgjerd om vedtektsendring krev tilslutning frå minst to tredelar av dei avgitte stemmene.

KAP 9. Avvikling

§ 9-1 Beslutning om avvikling av sparebanken

Generalforsamlinga tek stilling til forslag frå styret om avvikling av sparebanken. Vedtak om avvikling vert fatta med same fleirtal som for vedtektsendringar.

KAP 9. Avvikling

§ 9-1 Vedtak om avvikling av sparebanken

Generalforsamlinga tek stilling til forslag frå styret om avvikling av sparebanken. Vedtak om avvikling vert fatta med same fleirtal som for vedtektsendringar.

§ 9-2 Disponering av sparebanken sin kapital ved avvikling

Dersom sparebanken vert avvikla, skal dei overskytande midlar etter at alle forpliktingar er dekkja, overførast til ein eller fleire sparebankstiftingar.

ooo0ooo

§ 9-2 Disponering av sparebanken sin kapital ved avvikling

Ved avvikling av sparebanken, skal dei overskytande midlane etter at alle forpliktingar er dekkja, overførast til ein eller fleire sparebankstiftingar.

Dei overskytande midlane blir fordelt med 34,16 % til sparebankstifting innanfor kommunane Årdal og Lærdal, med 26,49 % til sparebankstifting innanfor Vik kommune og med 39,35 til sparebankstifting innanfor Aurland kommune.

Ved eventuell framtidig kommunesamanslåing skal noverande kommunegrenser leggjast til grunn ved etablering av føresegnene som gjeld føremål for sparebankstiftingane. Vedtak om fordeling skal avgjerast av generalforsamlinga etter innstilling frå medlemer i generalforsamlinga, som er valde frå desse kommunane.

ooo0ooo